

fordre til en saa skammelig Feighed, til saa skjendigen at forraade det gjengivne Fædreneland, at bortgive det til Fremmede, til en Arvefiende for at spare en Haand fuld forslidte Bankosedler. Europas Oine ere hæftede paa os, de offentlige Tidender tale med høi Beundring om den ædle Beslutning vi have fattet. O lader os dog ikke beække vort Navn med Skjendsel, lader os ikke blive til Spot og Latter for de mange Folkeslag der have lidt saa meget og saa skrækkeligt for at naae det Klenodie vi have i Hænde, Her gives Mænd iblandt os der true med at forlade Fædrenelandet saa fremt det bliver frit. Bort med dem. Lad dem længe nok flye det Land hvis ægte Sønner de ere, kun at de ville gjøre os den Tjeneste at fortie fra hvilket Land de uddrage. - Jeg for min Deel antager altsaa Finantz Committees Forslag. Om jeg ejer eller kan tilvejebringe den Sum Rigsbanksedler som af mig maatte fordres, det veed jeg ikke, men jeg opofrer indtil den sidste Rest, det veed jeg".

Danmarks kamp.

De siste begivenheter i Kjøbenhavn viser tydelig hva en befolkning under okkupasjon kan utrette under en enhetlig ledelse med kampinnstilling. Fra det danske frihetsråd ble et faktum høsten 1943 har motstanden vært stadig stigende. Sabotasjen har vært utført med slik dyktighet at den har fått den allierte overkommandos anerkjennelse og utmerkelse. Ved generalstreiken i Kjøbenhavn siste uke hadde den danske heimefront sin hittil største kraftanstrengelse og største seier.

Arsaken til stre iken var det utgangsforbud tyskerne hadde forordnet, samtidig med henrettelsen av 8 gisler. Streiken var spontan fra arbeidernes side, men det danske frihetsråd gikk straks inn for den da den var en kjennsgjerning. Dermed var det frihetsrådet som ledet situasjonen. Det førte kampen for opprettholdelse av streiken selv etter at tyskerne gjennom de politiske partier og den administrative ledelse hadde henstillet til befolkningen å gjenoppta arbeidet - mot visse innrømmelser.

Forhandlingene mellom tyskerne og den sivile danske administrasjon var tildels stormende. Da de danske forhandlere påsto at tyskerne hadde opptratt utfordrende, ble dr. Best (Danmarks Terboven) rasende og ville avbryte forhandlingene. Dette satte dr. Walter (sjef for den økonomiske administrasjon) seg imot. En antar at andre tyske interesser sto bak ham. Dr. Best måtte så fire. Resultatet ble at tyskerne gav en del innrømmelser og fikk dederne for siviladministrasjonen og politikerne til å oppfordre befolkningen å gjenoppta arbeidet. Men frihetsrådet manet til fortsatt streik til kravene var oppfylt. De var: 1) Oppløsning og fjernelse av Schalborg-korpset (tilsvarende quislinghirden) fra Kjøbenhavn. 2) Ingen represalier i anledning streiken. 3) Ingen skyting av tysk politi eller patruljer mot våpenløse dansker. 4) Opphevelse av portforbudet. 5) Gjenoppsettelse av matforsyningene og åpning av reisetrafikken til og fra hovedstaden.

Disse kravene måtte så tyskerne gå med på før streiken ble avblåst. For den danske heimefront, Danmarks Frihetsråd og spesielt for Kjøbenhavns arbeidere var aksjonen en stor politisk seier av veldig betydning også utenfor Danmarks grenser. Resultatet er at den danske heimefront, ledet av Danmarks Frihetsråd, faktisk er blitt anerkjent av tyskerne som krigførende makt, på samme måte som Titos jugoslaviske frihetsråd.

Vi i Norge føler ikke bare beundring for vårt broderfolk, vi kjenner også en viss skamfølelse for vår egen stilling. De danske arbeidere i streik med aktiv støtte av hele folket har vist de norske arbeidere og den norske heimefront at det nytter å slåss selv under okkupasjon og terror. Og det danske frihetsråd gir oss det beste eksempel på hva en enhetlig og aktiv ledelse av motstanden kan utrette.

Under kampen var 400 000 arbeidere i streik, og ofrene var: ca. 100 drept og ca. 7-800 sårete.

Heimefront og regjering.

På grunn av forskjellige årsaker har den norske heimefronten vært uten noen enhetlig ledelse for motstanden mot tyskerne og quislingene, både landsomfattende og lokalt. Dette har hatt sin årsak dels i uenighet om motstandsformene, dels i den politiske umodenhet som har gjort seg gjeldende, og dels i fiendens terror. Dette førte til at enkelte reaksjonære grupperinger begynte å forberede et politisk kupp for å sette konstitusjonen ut av kraft når fienden var vel ute av landet.

For å møte faren fra denne antidemokratiske betning, og for å få slutt på oppspaltetheten i heimefronten og det derav følgende spild av krefter, ble det i begynnelsen av 1944 tatt opp forhandlinger om å skape et frihetsråd for den norske heimefronten i likhet med frihetsrådet som ble dannet i Danmark i august 1943.

På en konferanse på Østlandet mellom tre representanter for ulike politiske retninger innen heimefronten ble et foreløbig utkast til politisk og organisatorisk grunnlag for et frihetsråd diskutert. Det ble oppnådd full enighet om alle punkter, og det politiske grunnlaget: å trykke et progressivt demokrati etter krigen, ble fastlagt. Etter en del diskusjon innen grupper og personer på heimefronten ble det lagt fram to forslag til, som reelt ikke skilte seg meget fra det opprinnelige. Disse ble så oversendt den norske regjering i London. Arbeidet med organisatorisk å få frihetsrådet til å bli en realitet ble så satt i gang over hele landet.

Som et resultat av arbeidet for å skape et Norges Frihetsråd ble det fra London sendt ut en politisk erklæring, forfattet av det såkalte paroleråd, som regjeringa hittil har anerkjent som heimefrontens ledelse. Det politiske innhold i denne erklæring er hentet fra grunnlaget for Norges Frihetsråd. Erklæringen ble godkjent og stadfestet av regjeringa. Dermed var de politiske retningslinjer for heimefrontens arbeid fastlagt.

Da Vestlandske Frihetsråd ble dannet, ble det grunnlag vedtatt som leserne av Meddelelsesbladet kjenner og har fått seg forelagt. Etter at erklæringa fra regjeringa var sendt ut, godtok så Vestlandske Frihetsråd denne som grunnlag for sitt arbeid. Oppgaven var nå den organisatoriske utbygging: fylkes- og distriktsvis å bygge ut motstandsorganene, sivilt og militært under en enhetlig ledelse.

Vi gjengir her et sammentrengt referat av nevnte erklæring, som i innledningen presiserer at etter vår grunnlov skal folket selv bestemme landets framtid gjennom frie valg så snart krigstilstanden er opphørt. Ellers formulerer den de ønsker og krav som alle gode nordmenn er enige om.

1. Et fritt og uavhengig Norge.
2. Gjenoppsettelse av de demokratiske styresett og av de demokratiske friheter og rettigheter, frie valg.
3. Opphevelse av alle politiske lover, forordninger og andre bestemmelser som er gitt av NS, og tyskerne. Alle administrative avgjørelser og utnevnelser som er foretatt av okkupasjonsmyndighetene skal prøves på fritt grunnlag.
4. Øyeblikkelig løslatelse av alle politiske fanger, og gjeninnsettelse av offentlige tjenestemenn og embetsmenn som er avsatt av nazimyndighetene. Erstatning så vidt det er mulig til alle dem som er blitt skadelidende på grunn av tyskernes og NS s framferd.
5. Medlemmer av NS, og alle andre som har gjort fienden tjenester til skade for nordmenn og norske interesser, skal straffes etter lovlig rettergang. All uberettiget krigsgevinst skal inndras til fordel for statskassen.
6. Målet for våre bestrebelser må være:
 - a) Trygging av friheten, folkestyret og de demokratiske rettigheter.
 - b) Økonomisk gjenoppbygging av landet på en slik måte at det blir arbeid for alle.
 - c) Fremme solidaritet mellom klasser og befolkningsgrupper.

av den tyske krigsøkonomien, eller i opposisjon til den.

d) Fremme samarbeidet mellom nasjonene for å lette varebyttet og sikre en varig fred.

Til slutt heter det: "Alle må gjøre sin plikt. Det skylder vi oss selv, våre landsmenn ute, våre allierte og landets framtid. Alle som gjør sin innsats, vil bli påskjønnet, men enhver som unndrar seg sin plikt, vil også bli husket. Enhver nordmann er en soldat, med eller uten uniform. Vi er i krig, det må vi aldri glemme. Vi må ta vår risiko og vårt offer. Samhold og disiplin er nå mere nødvendig enn noensinne. Følg de paroler og signaler som blir sendt ut".

Arbeidet vårt.

KONSPIRASJONEN: Å byggja ut ein forsvarleg konspirativt arbeidande organisasjon er hovudspørsmålet for heimefronten idag. Tame i konspirativt arbeid skortar det på overalt. Det er naudsynt at ein tek dette som ein skule, konspirasjon er eit fag som ein skal kjenna fullt ut. Dei som ikkje maktar det, må skiftast ut. Vi må ha militær disiplin i rekkene og vera varsame med kreftene våre.

FRIE AVISER: Vestlandske Frihetsråd har m. a. sett seg som oppgave å ha kontroll med og spreida alle illegale publikasjonar som kjem ut. Desse vert spreidde gjennom ungdomsleiarane. Vi kjem til å senda nokre ekspi. av ulike aviser, så kan ungdomsleiarane seia frå kor mange av kvart blad dei vil ha.

BYGDEKRIGSSOGA: Med det fyrste vil det verta gjort framlegg om å setja i gang arbeidet med å skriva saga om bygdene våre under krigen og okkupasjonen. Nærare instruksar om innsamling av materiale til eit slikt verk vil i tilfelle verta sende ut snarast råd er.

Politisk og militært nytt.

PHILIP JORDAN, den kjente engelske journalist, har oppholdt seg i marsjall Titos hovedkvarter. Han beretter at tyskerne har 17 ganger så store tap som Titos styrker i trefninger. Tito har nå 17 divisjoner under sin kommando.

DET FINSKE SPØRSMÅL: Den pro-tyske finske regjering har i den siste tid avslørt seg som en marionett-regjering for Hitler, sier kommentatorene i London om de seneste hendingene i Finland. Med den siste avtalen med Nazi-Tyskland har den kastet resten av sitt forfatningsmessige grunnlag overbord og åpent stilt seg under tysk beskyttelse. De tre opposisjonspartier i riksdagen: sosialdemokratene, det svenske folkeparti og de liberale, nektet først å godkjenne avtalen. Men snart falt sosialdemokratene til fote, og Tanner ble stående i regjeringen. Som bevis for at den finske regjering nu fungerer som tysk okkupasjonsregjering i sitt eget land kommer så meldingene om at tyskerne har besatt Helsingfors og gjort landgang på Aländsøyene. Alt dette har ført til at U.S.A. har brutt den diplomatiske forbindelse med Finland, og at det svenske sosialdemokratiske parti har brutt med det finske broderparti.

DET DANSKE FRIHETS RÅD har i anledning situasjonen i Kjøbenhavn sendt ut en appell til Sverige og bedt den svenske regjering öve diplomatisk press på tyskerne for å få dem til å oppheve de umenneskelige forordningene mot Kjøbennavns befolkning.

KAMEER I VALDRES: Flere steder på Östlandet har det vært åpne kamper. Nylig forsökte store styrker nazi-politi å omringe og arrestere en flokk som lå i dekning i Valdres. Det kom til kamp, og 7 tyskere, derav en oberst, falt. 3 norske ble drept. 12 ble tatt til fange, sies det, derav 2 kvinner.

Dei som dreg seg unna dei plikter Dette bladet skal sendast vidare, som er pålagde av regjeringa, serleg men berre til dei som direkte er nær det gjeld hjelp til dei som er med i fridomsarbeidet. raka av fiendens forordningar, skal noterast opp på svartelister.

Instruks

for innsamling av materiale til ei bygdekrigssoge.

Vi er alle klare over at vi lever midt oppe i ei veldig brytningstid, der striden mellom ei gamal tid som har overlevd seg sjöl, men nektar å vika plass for noko nytt - og ei ny tid med større perspektiv og betre tru om menneskerett og menneskeverd, har teki form av ein væpna konflikt, den andre verdskrigen.

Wja Hga dei fleste av oss er det ein sterk trong til å vinna oversyn over det som eigenleg har gått føre seg i desse krigsåra, her heime i lokal avgrensing og i landet vårt i det heile. Ei skikkeleg historisk utgreiing om dette vil ha overlag stor interesse for alle dei som har opplevd krigen, og ikkje mindre interesse vil eit slikt arbeid ha for ettertida. Difor har det så mykje å seia at eit fyldig og pålitande kjeldemateriale vert samla i hop alt før krigen tek ende.

Dette av to grunnar. For det fyrste vil det ha eit serleg verd at arbeidet vert påbyrja av folk som står midt oppe i det nasjonale frigjeringsarbeidet med friske inntrykk av hendingane. Eit kjeldemateriale som ber sterke merke av sjöloppleving, vil få ein serskild däm over seg som er verdefull i segsjöl. For det andre vil arbeidet med krigssoga, når det vert knytt saman med sjölve fridomsstriden, utan tvil verka stimulerande på alle dei som er med i arbeidet. Det vil dessutan vera ein oppstrammar for alle nasjonalsinna krefter i folket når dei kjenner til at alt som hender i bygdene, vil vera under observasjon og verta notert.

Arbeidet med krigssoga lyt fyrst og fremst ta sikte på det distriktet der ein sjöl höyrer heime. Sjölsagt lyt perspektivet vera at slike bygdehistoriske samlingar skal verta eit verdefullt tilskot til saga om landet vårt under krigen. Men under illegale tilhöve vil det vera umogeleg å samla tilfang frå heile landet og i det heile frå rikshistorisk synsstad. Der som arbeidet vert gjort på rette måten, vil det likevel ha älmenn historisk interesse. Det beste ville vera om ein dugande og interessert mann i distriktet kunne ta på seg både å samla inn tilfanget og skriva ei utgreiing om t.d. Hordaland under krigen. Men det kan vera vanskeleg å finna rette mannen no med det same, og ein lyt vel difor förebils avgrensa seg til material-innsamlinga. Men dette siste har i seg sjöl stor interesse og bör i alle tilfelle setjast i verk med ein gong, og så får spørsmålet om redigering og utgjeving utstå til seinare. Det kunne forresten vera ei naturleg löysing at sjölve frihetsrådet stod som utgjevar av eit slikt verk.

F.K. bör taka seg av innsamlingsarbeidet på den måten at den freistar finna ein interessert, nasjonalsinna og pålitande mann som kan taka på seg arbeidet i sitt herad. Samlaren bör berre ha denne oppgava, og arbeidet hans må mest mogeleg vera utan direkte samband med det politiske arbeidet som F.K. driv, men likevel slik at F.K. har kontroll med arbeidet og ser til at det vert utfört i samsvar med instruksen.

For at innsamlinga av kjeldetilfanget skal få sjölvstendig verd både for samtid og ettertid bör det gjerast etter ein fast plan som stettar dei prinsipielle krav som moderne vitskap vil setja til eit slikt tilfang, og som gjev perspektiv ut over dagen og dei lokalbundne tilhöve. Nedanfor er det til rettleiing for samlarane sett opp ei liste over emne som det serleg bör skaffast opplysningar om. Men samlarane bör ikkje kjenna seg slavisk bundne til denne lista. Er det noko som dei etter eige skjönn meiner bör vera med, så skal dei taka det med, sjöl om det ikkje står serleg nemnt i denne instruksen.

1) Dei ökonomiske tilhöva i distriktet ved krigsutbrötet. Opplysningar om dei ulike næringsgreiner, kva rolle dei spela, lönstilhöve og levestandard i dei ulike sosiale grupperingar. Verknadene av krigen og okkupasjonen på det ökonomiske livet og dei sosiale tilhöva. Tilhövet til okkupasjonsmakta, den tyske krigsmaskinen. Det ökonomiske livet som ein lut av den tyske krigsökonomien, eller i opposisjon til den.

- 2) Dei politiske tilhøva i bygdene ved krigsutbrotet. Opplysningar om partigrupperingar og deira innbyrdes styrketilhøve. Korleis det gjekk då partia vart oppløyste. Politiske tendensar og straumdrag under illegale tilhøve: a) andsynes fienden, b) andsynes regjeringa i London og c) andsynes det illegale, aktive, fridomsarbeidet. Opplysningar om korleis folk har reagert, andsynes den tyske propagandaen, kva tankar folk har gjort seg når det gjeld krigens gang og framtida, vurderinga av vestmaktene og deira krigsinnsats og folks syn på Sovjet-Samveldet og kommunismen, serleg i samband med den tyske propagandaen.
- 3) Krigen på norsk grunn. Kven som var med, og kva dei hadde å fortelja då dei kom heim att. Opplysningar om dei som fall i krigen. Korleis livet i bygdene ovra seg under krigen. Forteljingar og anekdotar (vitsar) i samband med krigen.
- 4) Okkupasjonen og korleis den verka i bygdene. Opplysningar om tvangsleveringar av varer og utskrivningar av arbeidskraft. Stemningane hjå folk andsynes tyskarane og dei byrder okkupasjonen har lagt på folket.
- 5) Innføringa av forarprinsippet i kommune- og fylkesadministrasjon. Opplysningar om nazistyringa i bygdene, og ein karakteristikk av dei personar som har seti med makta.
- 6) Fridomsarbeidet ute i bygdene. Det er viktig å få eit fyldig tilfang om dette. Her bør ein også få med opplysningar om korleis fridomsarbeidet har verka på folk, korleis det har skapt ei kløyving i folket og skilt dei gode nordmenn ut frå dei tripete, sløve og feige, korleis arbeidet har makta å riva dei passive krefter laus og skapa aktivitet og nytt liv. Namn på føregangsmenn i arbeidet og ein karakteristikk av deira innsats. På den andre sida opplysningar om motstandarane av fridomsarbeidet.

K j e l d e r:

- 1) Offentlege og kommunale arkiv. Det lyt skaffast samband med folk som arbeider i dei ulike greiner av administrasjon og forvaltning i bygdene.
- 2) Opplysningar om fabrikkar og andre industriltak og om jordbruket lyt ein få tak i gjennom folk som arbeider i - eller på annan måte har direkte tilknytning til - vedkomande næringsgreiner.
- 3) Munnlege fråsegner frå gode nordmenn som er pålitelege og objektivt innstilte. Her lyt ein vera overlag varsam og ikkje nytta som heimelsmenn folk som ser altfor personleg og subjektivt på hendingar og personar. Samlarane lyt alltid hugsa på at personleg sympati eller anti-pati ikkje må få koma til orde i tilfanget. Dei lyt forstå at kjeldeverdet ved tilfanget er heilt avhengig av om det er objektivt, slik at det kan nyttast som kjelde av historikarar med ulikt livssyn og politisk standpunkt i det heile. Men både samlarar og heimelsmenn må vera gode nordmenn og ha eit klårt anti-nazistisk livssyn. Det er den einaste tendensen som lyt få koma til uttrykk i kjeldetilfanget.

Nederlandske ministerkrise.

I den nederlandske regjering i London har det i den forløpne uke vart en partiell ministerkrise, idet justisministeren har trått tilbake og er blitt erstattet av en politiker som nylig er kommet til England fra Nederland, hvor han har deltatt i heimefrontens arbeid. Bakgrunnen for krisen er meningsforskjell om den politiske kurs i overgangstida når krigen er avsluttet. Den avgitte minister var av den oppfatning at det måtte et militærstyre til i overgangstiden, mens den nye minister hevder at den konstitusjonelle styreform må settes i kraft i Nederland straks krigen er forbi. Ministerkrisen betyr således en seier for den nederlandske heimefronten mot antidemokratiske krefter i og omkring emigrantregjeringen.

Dette danner en parallell til forhold i vårt eget land. Også innen den norske fronten fins det politiske grupper som er innstillet på å gjøre kupp og sette folkestyret ut av kraft i overgangstiden. Men det demokratiske norske folk vil sikkert ikke finne seg i noe slikt..

Til frihetskommiteane.

Frå Vestlandske Frihetsråd er det som F.K. har sett, sendt ut ny instruks for frihetskommiteane i herada. Den er den same som før med unntak av avsnittet om dei nye heradstyra i tida fram til nyval. I realiteten vert det ikkje noko brigde, men derimot i formen, på den måten at det nå heilt konkret vert slege fast frangangsmåten for skipinga av dei nye heradstyre. Dette på grunn av at det har falle kongeleg resolusjon om dette spørsmålet.

Vestlandske Frihetsråd ventar så snart råd er frå dei ymse F.K. forslag på ordførar og formannskapsmedlemar (talet på formannskapsmedlemar gjeld sjølsagt etter den gamle kommunalordninga), og likeeins forslag på fulltallige heradstyre. Retningslinene for utvalet bør vera slik som det står i instruksen, at dei som vert utpeika har synt ein fast nasjonal holdning under heile krigen, har arbeidd med, eller vore viljuge til å vera aktivt med i fridomsarbeidet. Dei, som dreg seg unna dette, eller berre seier seg viljuge utan å gjera noko, kjem ikkje på tale. Elles står F.K. heilt fritt i utpeikinga, men bør sjå til at dei beste av den gamle administrasjonen vert drogne med i arbeidet, og på den måten kjem fram att. Ei god rettleiing i utvalet av den gamle kommunaladministrasjonen er:

1. Deira standpunkt til quislingstyret sitt vedtak om å setja kommunallovgevinga ut av kraft, og innføring av forarprinsippet i kommunestyret.
2. Deira standpunkt til quislingstyret sitt vedtak om at N.S. skulle vera med og peika ut nye domsmenn, forliksmenn o.s.v.
3. Deira standpunkt då fylkesmennene vart avsette, og elles deira stilling til fiendens forordningar under heile krigen.

Alle som vert foreslegne må ha godkjent den politiske plattformen som Vestlandske Frihetsråd arbeider på, og som er godkjent av regjeringa. Dei som nar vore for at konstitusjonen skulle setjast ut av kraft i fleire år etter krigen, eller har uttalt seg mot ei demokratisk utvikling etter krigen, og elles synt ein udemokratisk og byråkratisk holdning til spørsmålet om folkestyret, vert ikkje godkjende. I og med at det vert F.K. og frihetsrådet som innstiller, ligg det ein garanti for at det verkeleg vert dei beste nordmenn som kjem til å sitja i den nye bygdestyringa. Det er sjølsagt at det vert dei som har arbeidd aktivt i F.K. som vil verta kjerna i denne overgangsstyringa. Her må F.K. sjå til at ungdomen vert representert med dei beste av sine krefter. Der dei gamle ordførarane er med i F.K. sitt arbeid, er det naturleg at desse vert utpeika.

Det må serleg innprentast at alt dette må gå løynt for seg. Det må ikkje verta kjent utafor F.K. og dei som vert foreslegne. Den som etter han har fått greie på dette, fortel det til uvedkomande, vil verta dregen til ansvar. Alle namn som vert foreslegne, må sendast inn på kode. Det bør fylgja ein karakteristikk av dei foreslegne.

Om bygdekrigssoga.

I forre nummer av Meddelelsesbladet vart det sendt ut ein instruks for innsamling av materiale til ei bygdekrigssoga. Som det går fram av instruksjonen, er det meininga at det innan kvar F.K. vert vald ein serleg mann som kan taka på seg innsamlinga av materialet. Dette er eit viktig arbeid som er i emning, og som sikkert vil vekke interesse hjå alle, serleg dei som arbeider aktivt med gjennom F.K. Ei slik bygdekrigssoga som vert eit stykke Noregssoga om fridomsstriden vår, må verta skriven av dugande folk. Det må vera ein god nordmann, med serleg interesse og anlegg for slikt arbeid.

Best ville det sjølsagt vere å finna ein som har sysla med liknande arbeid for ein bygdehistorikar.

Lå arbeidet bør setjast i gang snarast, vil vi gjerne at F.K. sender inn namnet på den som vert vald så snart som råd er. Denne får så av F.K. utlevert instruksen for arbeidet. Vi sender difor to eksemplar, eitt til F.K. og eitt til materialsamlaren.

DEI NÆRASTE OPPGAVENE vi ventar rapport om er: a) Forslag på ordførar, formannskap og heradstyre. b) Forslag på innsamlar av materiale til ei bygdekrigssoge.

Dei som enno ikkje har sendt inn rapport om dei ymse oppgaver vi har sendt ut, minner vi om å gjera dette snarast. Det er:

1. Kor mange eksemplar dei vil ha seg tilsendt av: Gjallarhorn, Meddelelsesblad, og likeeins Norsk Vilje. Forutan Gjallarhorn og Meddelelsesblad som vert utgjevne av rådet, kjem det om kort tid ei serleg avis for Vestlandske Frihetsråd.

2. Kor mange rasjoneringskort som kan skaffast kvar kortperiode. Då det no er mange som er stukken av på grunn av arbeidsinnsats o.l., er det svært viktig at kvar F.K. skaffar tobakkskort, så mange som råd er.

3. Oppgaver over N.S., stripe og upålitelege i kommuneadministrasjonen og elles i heradet.

4. Rom hjå private for folk i dekning. Hytter, hus o.l. som kan nyttast for folk i dekning eller illegalt arbeid.

Elles viser vi til skriv av 28/6-44.

Vestlandske Frihetsråd.

Ver på vakt.

Det tyske samanbrotet på austfronten har ført med seg eit militært opprør i Tyskland. Etter dei siste meldingane kan ein gå ut frå at oppreis- ten ikkje er kua, og at de tte er ei sprengning av heimefronten i Tyskland som vil skunda på krigsavgjersla, slik at vi kan venta fullt samanbrot kva dag som helst. Men det er ikkje det same som at vi kan setja oss ned med hendene i fanget og venta at vi automatisk vert frie. Tvertimot. Norge er eit okkupert land, med eit nazistyre som både støder seg på Gestapo og norske polititropper. På same måten som dei tyske nazistane vert desperate når enden nærmar seg, vil også quislingane gå amok og gripa til dei mest ville åtgjerder for å hala ut tida for sin eigen undergang. Difor må vi au- ka arbeidet vårt og førebu oss enno betre til sluttkampen. Det må ikkje skj- ske at nokon som arbeider i F.K. vert så glade over hendingane ute at dei gløymer vår eigen kamp, og fram for alt: gløymer å vera like konspiras- tive som elles. Enno er ikkje krigen slutt, og kampen kan enno verta hard.

Samhald og disiplin må verta sterkare. Dei direktiv og ordrar som kjem, må fylgjast punktleg, og ingen avslapping i arbeidet må koma fram. F.K. må no førebu seg på å føra distriktet sitt i kamp og utvikla dei bes- te kreftene innan sine rekkjer, både militært og sivilt administrativt. Dei må no spesielt sjå til at dei har oversyn og kontroll med alle trans- portmidlar, slik at dei kan stå ferdige til bruk. Timen for fridomen er nær. Ingen må no spilla krefter ved å vera uvarsame, men halda arbeidslina. Alle må hjelpe til, slik at dei ordrar som vert sende ut frå regjer- inga eller heimefronten, vert fylgde. Vestlandske Frihetsråd vil stå i kon- takt med F.K., slik at tida kan nyttast på beste måten. Vi vil vera med og hindra at oppgjersdagen kjem like uventa på folket vårt som tilfelle var den 9 april 1940. Alle må no gjera si plikt mot land og folk!

Leve fridomen!

Leve Norge!

Vestlandske Frihetsråd.

Vestlandske Frihetsråds arbeid i heimefronten.

Til rettleiing for dei som set i F.K., vil vi gjerne koma med ei utgrei- ing om dei meir indre tilhøve for heimefrontens arbeid. Alle forstår at når det gjeld slike ting, må vi vera sers varsame med opplysningar, men det vill vera uklokt og uvarsamt ikkje å gje dei aktive i heimefrontens arbeid, og s- serleg dei som arbeider organisert i V.F. ei orientering om ymse ting in- nan heimefronten. Dette så mykje meir på grunn av at det frå anna hald har vorte spreidd opplysningar som verkar misvisande, slik at det kunne sjå ut som om Frihetsrådet var ein illojal organisasjon i heimefrontens arbeid. Vi vil derfor her gjera greie for det som våre tillitsmenn i F.K. bør kjen- na til.

Dei faktiske tilhøve er:

1. Det har ikkje eksistert nokon sams leiing av motstanden på heimefront- en, korkje etter politiske eller organisatoriske retningsliner. Dette har vore årsak til at den aktive kampmoralen i folket har vorte svekt, og det har skadd landet vårt i omdøme.
2. Det har frå enkelte grupper innan heimefronten vorte arbeidd for å set- ja konstitusjonen ut av kraft, og for å innføra antidemokratiske retnings- liner for arbeidet i kampen under og etter krigen, der forarprinsippet sku- le råde både politisk og administrativt.
3. Desse antidemokratiske kreftene, har dreve agitasjonen for sermåla sine under ei antikommunistisk maske, mot ein aktiv motstand på heimefronten. Desse kredsane har gått under namnet nynasisme.

For å motarbeide desse antidemokratiske kreftene, og for å nå fram til fr- full samling av alle kampgrupper i landet på trygg demokratisk grunn, vart det tatt opp arbeid for å skape eit Frihetsråd for den norske heimefront- en, slik som Frihetsrådet i Danmark. Dette førte til at det frå dei grupper og personar som på grunn av stillinga i det politiske og sivile liv, hadde hatt som ein kontakt med regjeringa utad, og med enkelte yrkesgrupper innad vart se ndt ut ei politisk erklæring, underskrevet med Hjemmefrontens lede- se, som fekk godkjenning av regjeringa i London. Denne erklæringa tar dei po- litiske hovudpunkta fra grunnlaget for Frihetsrådet, og sler dermed fast ei demokratisk utvikling etter krigen. Dermed skulle dei antidemokratiske krei- ene vera sett utafør, og samarbeidet med dei som først hadde tatt opp ar- beidet for ei konsekvent demokratisk line for fridomsarbeidet, vera sjøl- sagd.

Desverre vart det i staden for dryfting om samarbeid, sendt ut eit skriv om at frihetsrådets arbeid var avvist av regjeringa og Hjemmefrontens led- else, som det nå heitte. Samstundes vart det av kredsar som støtter seg til den emigrerte leinga av regjeringspartiet i Sverige, sendt ut ei åtvaring til tillitsmennene innan fagrørsla om å samarbeide med Frihetsrådets folk. Utan å gå inn på alt det som låg bak denne aksjonen mot Frihetsrådet, kan vi slå fast at det var person og parti-intriger, som ikkje hadd- noko ideel formål, nemleg å samla alle landsmenn i ein sams front på demokratisk grunn i kampen for fridomen for landet.

Vestlandske Frihetsråd har heile tida arbeidd på eit konsekvent demo- kratisk grunnlag, og har i denne tida vore den einaste aktivt arbeidande organisasjon for å samle alle kampkreftene her vest. Nå såg det ut som om V.F. var ein organisasjon som sto utafør heimefrontens arbeid og i opposi- sjon til det som kalla seg heimefrontens ledelse. V.F. hadde i alt sitt arbeid, lagt ope fram dei retningslinene det arbeide etter, og likeeins infor- mert dei som skulle representere heimefrontsleinga om arbeidet. V.F. var

9 dødsdomar og kva dei seier oss.

Til lista over dei hundrevis av patriotar som før er avretta av fienden avdi dei har arbeidd for frigjering av landet sitt, kom det for ei tid tilbake 9 dødsdomar til. Namna på dei dømde var: Ovin Kristoffer Bronsta, 24 år, Per Nannestad-Lindås, 25 år, Cay Børre Kristiansen, 21 år, Alf Leonard Lande, 24 år, Jan Koren, 23 år, Thomas Tragde, 20 år, Kjell Segelcke Koren, 20 år, Olav Wetterstad, 20 år, Age Hedenstad, 23 år.

Korleis verkar ei slik melding idag på jamnen hos folket? Vert dei opprørde og harme, slik at dei kjenner plikta til å ta opp arbeidet etter dei som fall i striden? Nei, 8 ser ein bort frå dei få tusen som sjöl er med i fridomsarbeidet, og som difor kjenner sorg og saknad ved tapet av alle som må lata livet sitt i kampen, er det få som kjenner at plikta kallar i samvitet deira. For den store masse av slöve er det som ei melding om ei drukningsulukke o.l. Det er samtaleemne for ein dag eller to, og så er det glöymt. Dei tek det berre fram kvar gong dei skal argumentera mot å gjera noko, slik som Televåg blir det. Og korleis er kommentarane hos mannen etter vegen eller på krambua til slike dødsdomar? .. "Da nytta 'kje med motstand. Dei skal halda seg borte frå slikt, so resikera dei 'kje noke. Du ser so lengje tyskjen bestemme, so får ein lya. Dei gjer berre livet usikkert for oss andre som vil halda fred. Når berre krigen e' öve, so skal me og visa at me e' nordmenn" o.s.b.

Slik er store luter av folket i ein slövande svevn, og breið er feigheten til dyne over seg. Skrytet over innsatsen som Norge skal ha gjort, har vorti ei sovepute for dei feige som aldri har tenkt å gjera annan motstand enn å kviskra: "Quisling, pising" for seg sjöl, når dei er heilt åleine. Desse feige er det også som har det travelt med å krevja moderatisme når det gjeld avstraffinga av quislingane, og som går rundt og fortel om den og den quislingembetsmannen at han er så og så bra. Bra skal då tyda det same som at vedkomande quisling ikkje direkte har drepi nokon eller direkte angitt nokon til Gestapo. I det heile er målestaven for å vera bra komen så uanstendig langt ned at ein skulle tru Njöten og Björgan, bortsett frå Televåg og andre leie saker, kan passera som stort sett bra nordmenn for slike folk.

Dei feige seier aldri at det er fordi dei er redde at dei ikkje vil gjera noko og ikkje vil at det skal verta gjort noko. Dei vil heller ikkje vedgå at dei som arbeider i fridomsstriden gjer si plikt. Nei, feighet og ög ærleghet vil aldri para segg. Denne typen er det også som viser si interessø for det underjordiske arbeid berre på den måten at dei ymter om den eller hin som sikkert held på med noko mystisk, kviskrar om færen ved at slike folk skal gå omkring saman med andre bra folk, og vil helst setja eit visst politisk stempel på dei som arbeider mot tyskarane, etter den vanlege todelinga som tyskarane nyttar.

Dei siste dødsdomane gjev oss eit godt bilete av dei mennesketypane som er med i dramaet på heimefronten. 9 unge nordmenn, dei fleste studentar, av dei fire teologar, har fylgt samvitet sitt, haldi seg löynde og arbeidd mot fienden. To quislingar, mann og kone, kjem på spor etter dei, angir dei for pengar og fiendens ros. Desse unge, som skulle ha ei ljøs og lukkeleg studenttid framfor seg, får sine unge liv avbrotne ved ein fengselsmar av ein Gestapo-tropp, angitt av landsmenn i fiendens teneste. 9 heimar til, mange vener og slektningar sit att og syrgjer over tapet av sine unge kjære, og heimefronten har mist 9 til av sine beste soldatar. Og så er det folk som vil kalla seg nordmenn som går rundt og snakkar moderatisme for lakeiane til fienden. Det er ikkje humanisme som snakkar om å skåna landssvikarar, det er feigheten som vantar mot til å vera reinsleg i kravet om rettferd.

Dødslistene over dei patriotar som er falne på heimefronten, gjev oss ikkje berre biletet av mennesketypane som er med i kampen. Lei gjev oss også grunnlaget for fridomsstriden, og kommentarane til dette grunnlaget ville sikkert dei av våre landsmenn som sit innesperra, ha gjevi oss om dei hadde høve til det. Dei tre hundre dødsoffer vi har hatt på heimefronten viser oss namn frå alle samfunnslag, frå alle politiske grupperingar. Alle har dei lati livet sitt i kampen for dette eine: eit fritt Norge. Skulle ikkje dette seia oss tydeleg nok at i denne fridomsstriden kan det berre vera ein front: mot nazismen. Stort sett er folk klære over dette, men likevel kjem propagandaen frå fienden ofte til syne.

I heimefrontens arbeid spør ein ikkje om du er högreman, venstremann, arbeidarpartimann eller kommunist, men kva du ~~du~~ duger til i det praktiske arbeidet mot fienden, korleis du ter deg og kva stilling du tek til fienden og hans forordningar. Våre dødsoffer frå alle lag av folket, frå alle parti viser oss breidda i samlingsgrunnlaget. Parti-ara for dei ulike parti ligg idag på eit høgre plan enn før. Den ligg i konkret arbeid i fridomsstriden for landet vårt, og det er idag av militær art: folkekrig mot fienden. Den som i denne folkekrigen mot nazismen gjer sin beste innsats, representerer også den politiske retning han høyrer til, på beste måten. Her gjeld Churchills ord om tilhøva i Jugoslavia under marsjall Tito: "Vi gjev vår studnad på den eine sida til ein kommunist, på den andre sida til ein konge. Det avgjerande for oss er at dei fører striden mot den sams fienden".

Den som tek aktiv del i fridomsarbeidet, vil alltid leggja merke til at det praktiske arbeidet får dei politiske skiljeliner til å kverva. Difor er det også i krinsar som ingen ting vil gjera at fridomsarbeidet møter på hindringar av partipolitisk art. Ei god rettesnor for kva standpunkt ein skal ta, får ein ved å tenkja på kva fienden ynaskjer.

Krigsnytt.

Eit sikkert vitnemål om at krigen lakkar mot slutten er den framferd nazistane gjer seg skuldige i andsynes sivilfolket i okkuperte land. I Ungarn er tyskarane saman med dei ungerske quislingane på god veg til å gjera heilt ende på den jødiske busetnaden der i landet, i alt ca. 1 million menneske. Fleire hundre tusen er alt deporterte til store konsentrasjonsleiger i Schlesia der de i vert avliva med gass, ca. 6000 om dagen. Desse kyniske massebord har vekt ein storm av indignasjon i alle siviliserte land. Regjeringane i Storbritannia og U.S.A. har sendt ut kunngjeringar om at alle som har teki del i desse ugjerningane, vil verta dregne til ansvar når krigen er slutt.

Frå Frankrike er det nyleg komi melding om at ei avdeling av den tyske S.S.-divisjonen "Das Reich" har sett fyr på og heilt øydelagt ein landsby i nærleiken av Limoges og drepi alle som budde der, ca. 800 menneske, kvinner, menn, barn og gamle. Alle saman vart stengde inne i kyrkja som så vart sprengd i lufta.

Alt dette viser at nazistane er ikkje menneske lenger. Dei er bandittar som er klemd opp mot veggen og veit at enden er nær.

Situasjonen på frontane stadfester at eit tysk samanbrot ikkje kan vera langt borte. Tyskarane vert trengde tilbake både i vest, sør og aust. Serleg har utviklinga gått fort på austfronten. Den russiske offensiven hadde ikkje gått på mange dagar før det synt seg at den tyske fronten i Kvite-russland braut heilt saman. Den raude hæren rulla på berre eit par viker gjennom heile Kvite-russland og har alt trengt inn i Litauen og Lettland. Lenger sør står kampen alt om den viktige byen Grodno. Dei militær-sakkunnige meiner at det ikkje vil vara lenge før den raude hæren kjem til å føra krigen inn på tysk jord, i Aust-Preussen, og vil nå fram til Osternsjøen. Då vil også den tyske nordhæren verta sett ut av spelet.

Tysklænds samanbrot.

At krigen no lid mot slutten, det kan vi tydeleg sjå av dei siste meldingane frå frontane. Og det er ikkje berre dei reinte militære frontane som bryt saman for Hitler, men også dei politiske frontane i og utanfor Tyskland.

Frå nordfronten i Finland til Karpatane i sør går dei russiske hærene fram med den største fart som nokosinne er prestert i militærsoga. Berre i Kvite-Russland har den raude hæren hatt ein framgang på til sine stadar over 400 km. på mindre enn ein månad. Dei har her trengt fram med ein gjennomsnittsfart på 25 km. pr. dag. Dei har lagt bak seg halvparten av vegen til den sentrale luten av Tyskland, til Berlin. På dette avsnittet har russane teki til fange 21 tyske generalar som har gjevi seg over saman med hundretusenvis av tyske soldatar. Dei russiske hærene er både i utstyr og menneskenskvalitet betre enn nokosinne. Og det er opplagt at ein slik sigerrik armee ikkje kan verta stansa av opprivne og deprimerte tyske troppevedlingar. Ei veldig knipetangsørsl med sørarmeen frå Lemberg og nordarmeen frå Brest-Litovsk og Bialystok som tek sikte på å môtast vest for Warsjava, vil gjera det av med heile den tyske armeen i Polen. Samstundes vil framrykkinga mot Riga og Aust-Preussen skjera av den tyske general Lindemanns armeegruppe i dei baltiske landa.

I Italia har den tyske motstanden veikna av, og Kesselring vil ikkje vera i stand til å stansa dei allierte styrkane som trengjer seg fram. Etter at Livorno på vestkysten og Ancona på austkysten er hersette, og Firenze står for fall, vil det venteleg ikkje taka lang tid før dei allierte vert herre også over Nord-Italia. Her får dei engelsk-amerikanske styrkane god hjelp av dei italienske friskarane og motstanden frå arbeidarane i industribyane i Nord-Italia.

I Normandie er Stillinge slik: Etter at Caen er teken av engelskmennene og St. Lo av amerikanarane, ligg vegen open for større framrykking mot det indre av Frankrike, mot Paris. Her får invasjonarmeane kraftig studnad av 2-300 000 væpna franskmenn på heimefronten som er innrullera i den frie franske armee.

Kvar tyskarane vender seg, er det nederlag på nederlag, og frå den politiske fronten i og utanfor Tyskland syner det seg tydelege symptomar på at samanbrotet kan koma når som helst. Motsetningane mellom dei militære og nazipartiet kjem tydelegare til syne, til dels i væpna konflikter. Den tyske pressa innheld til dagen trugsmål mot defaitistar og folk som arbeider for å slutta fred. Og eit konkret døme vil best illustrera motsetningane mellom dei faglege militære og partiet: Under eit møte i den tyske generalstaben for H ellas no nyleg kom det til ein hard diskusjon om overkommandoens politikk. Til slutt vart stabsoffiserane så opposte og usamme at dei drog pistolane og tok til å skyta på kvarandre over bordet. 6 høgre offiserar vart drepne. Den tyske militærsjefen på Peloponnes prøvde koma seg unna, men vart skoten av S.S.-menn. Sjefen for gendarmeriet i Aten hadde opi kritisert overkommandoen. Seinare har ingen sett han, og det han er rimelegvis avretta. Kommandanten i Aten vart sendt til Beograd og stelt for krigsrett for defaitisme. Han er venteleg skoten.

Ein av dei 21 generalane som har gjevi seg over til russarane i Kvite-Russland, von Hofmeister, sende straks han var teken til fange eit ope brev til den russiske overkommandoen med merknad om at han ikkje hadde noko imot at brevet vart offentleggjort. Brevet vart nyleg lesi opp i Moskva radio. Her skildrar von Hofmeister motsetningane innan den tyske høvedinga. Om eit møte i Hitlers hovudkvarter seier han at Hitler freista å smiska for generalane, men det var dei yngre parti-generalane, slike som Rommel, som belt på det. Hofmeister nevdar at Hitlers strategi i Russland frå Stalingrad til dei siste stridane i Kvite-Russland har vori ein

katastrofe for den tyske armee. Sjøl hadde Hofmeister bedt om å få dra sine styrker tilbake til ei betre forsvarslinje, men fekk blankt avslag. Resultatet var at hans armekorps vart overrendt av styrkane frå den raude hæren og heilt oppriven.

I det tyske diplomatiet viser også nederlaget seg tydeleg. Førre vika kom det fleire tyske diplomatar frå Berlin til Stockholm for å prøva få kontakt med russarane om freds-vilkår. Mellom desse tyskarane var von Kleist og Schnurre som begge var i Moskva då Ribbentropp var der for å skriva under ikkje-taksavtalen med Sovjet-Samveldet i 1939. Frå London er det meldt at russarane avviste delegasjonen blankt og ikkje ville taka imot sendemennene. Også andsynes vestmaktene har det vori ein slags freds-føljar i det siste. To ungerske politikarar vart sende av Hitler til Tyrkia for å forhandla om resten av dei ungerske jødane som Hitler vil taka livet av. Hitler sa seg viljug til å utlevere gruppevis dei jødane som enno lever mot at vestmaktene let Tyskland få att lastebilar og medisinsk materiell. Slik er situasjonen for Tyskland på dei militære og politiske frontane.

Irisa i Tyskland fekk si utløsing i attentatet mot Hitler og regulær opstand av dei fagmilite re. Dei generalane som vart nemnde i samband med opstandane er, Halder, List, von Bo ck, Brauchitch, Rundtstedt, m, f Han som kasta bomba mot Hitler var oberst von Stauffenberg, en katolsk adelsmann paa 37 år. Generaloberst von Beck, som var generalstabssjef til 1938, var mellom dei som hadde førebudt opstanden. Han vart fengsla og avretta strakst etter.

Stoda er ellers noko uklår då ein ikkje har andre meldinger enn dei som kjem frå offis ielle tyske kilder. Fleire usikre rykter frå Sveitz seier at der skal vere kamper i flere større byer mellom SS. troppene og Heren. Likens skal der vere razzier i byane etter folk som samarbeider med generalane.

General von Seydlitz har frå Moskva sendt ut ein opming til alle tyske office rer ved frontene og det tyske folket om å støtte generalane i kampe n mot Hitle r. Han se ier her at tida for open motstand er komme. Alle tyske re må med alle midler støtte de i somno har sett seg i brodde for å berge tyskland frå und e rgangen. Ingen må lya ordrer frå Hitler ove rkommando, men dei ordre r som kjem frå generalane. Samstundes opmode han Generalane til å søke samarbeid med dei tyske arbeiderane og leiding for de n katolsk kyrkja. Hitlers vannstyre er snart ove r.

Den frie tyske kringkas ting se ier at alle tyskerar nå er klar over nederlaget. frå manne n i gata til dei som set i hovudkvarteret.

"Times" Skriv: Tofrontskrigen som alle tyske fagmilite re har ansvar mot har no ført Tyskland til militært samanbroy.

Den internasjonale transportfederasjon har sendt ut eit opprop til dei tyske arbeiderane. Det heter he r at det dødsstøt som no er retta mot Hitlers Krigsmaskin vil bera sine fruktet sjøl om opreisten skulde visa seg ikkje å vera heilt vellukka. Opstandane mot Hitler kan ikkje vera eit ve rk av nokre få tyske generaler, men av arbeiderklassen og heile det tyske folket. Dei tyske arbeiderane må søka samarbeid med dei millioner utenlandske arbeiderar som er i Tyskland. I samarbeid med desse må dei rette slaget mot Hitlers krigsmaskin ved sabotasje og annan motstand.

Siste melding frå frontane går ut på at Russerane har inteke Ostrov ved storm, på den baltiske front. Ravaruska nordvest for Lemberg på veien mot Pre zemysl. Russerane førebur en veldig knipetangs-rørsle frå syd og nord som skal motast bak Varajava.

GJALLARHORN vil i tida framover halda leserane sine godt underretta om alt som hender. Det kan de rfor henda at den kjem oftere enn en gong i veka. Le ve r alltid avisa videre til nestemann.

"Total mobilisering".

Etter attentatet mot Hitler skal den tyske heimefronten verta stimulert ved ei total mobilisering (den femte) etter Gøbbelss propagandamønstet. Nå har Quisling-avisene peika på at denne totale mobiliseringa også skal gjelda for Norge. All produksjon eller verksemd som ikkje er serleg krigsviktig skal stengjast, og folka frigjerast for krigsinnsats. Det vert serleg nemnt post, jernbane og andre statsfunksjonarar. Dette viser at tyskarane sleit ikkje har tenkt å innstilla tvangsmobiliseringa av nordmenn til krigen for Hitler. Desperate tiltak passsar vel inn i den desperate stoda som quislingane nå er i.

Difor må alle vera på vakt framover. Ved motstanden mot A.T. og arbeidsinnsatsen vart tvangsmobiliseringa ingen ting av sist. Men ein må ikkje stå seg til ro med at faren dermed er over. Dei som lever i dekning, må nå framover vera ennå meir på vakt. Disiplinen mellom dei som vert råka av forordningane, og mellom heile folket, må verta ennå fastare enn før. Når det lakkar mot slutten, er det altfor mange som slappar av med varsemåla. Det må ikkje skje. Prat og uvarsom åtferd må slås ned like hardt som før. Disiplin og samhold vil føra oss trygt gjennom alle vanskar. Prolen er som før. Alle forordningar som kjem frå fienden, skal saboterast. Alle som direkte eller indirekte er med og set fiendens forordningar i verk, vert stilte for militær domstol når krigen er over. Dette gjeld alle som sit i offentlege stillingar og stillingar. Til lensmennene er det frå regjeringa i London sendt ut serleg åtvaring. Dette gjeld sjølsagt også alle som sit i arbeidsformidling, forsyningsnemnd o.l. Dei som hjelper til med å søkja etter folk som dreg seg unna forordningane, eller slike som lever i dekning og har stukke av, må vera klare over at straffa over dei vert hard. Av regjeringa i London vart desse minnte om korleis det gjekk med Lindvik og lensmann Horgen som vart skotne av patriotar, fordi dei angav folk som levde i dekning. Det er berre ein dom for slike som angir nordmenn til fienden. døden. Det er ikkje berre N.S.-folk som skal ta seg i vare, men også dei som seier seg å vera nordmenn, men som direkte og indirekte er med og hjelper fienden til å slå ned patriotar.

Følg dei parolar og ordrar som vert gjevne, og sjå til at dei vert gjennomførte med disiplin og samhold!

Oppgavene for ungdomen.

I saga om ein nasjons liv er det alltid tidsbolkar som stig fram som mørkesteinar i utviklinga. Vi har alle vere med og lese om desse hendingane, kanskje yrskt oss å leva med i ei slik stor tid då folket vart stod opp i ein historisk kamp der ei ny tid vart varsala.

Ved fritt ord og fri presse vart heile folket og spesielt ungdomen dregen med i striden. I 80-90 åra vart ungdomen også organisert med i den nasjonale frihedsstriden. Dette førde til at medvetet vaks hos folket. Dei politiske hendingane vart eiga for alle. Det politiske nivået var i stigande. Ungdomen fekk sine ideal å slåss for. Men altfor ofte hender det at unge ikkje er klare over kva tid dei lever i for etterpå, når dei les saga om si eiga tid. Dei levde med, men var nasjonalt og politisk døde.

Den krigen som vi nå gjennomgår, er den mest gigantiske frihedskamp som menneskje nokosinne har gjennomgått, og vårt land er drege med i frihedskampen for alle undertrykte folk, åkkje berre sin eigen. Og likevel er det ein stor part av folket vårt som søv, og trur at frihøden for landet vårt skal vinnast av andre enn dei sjøl, av russerar, engelskmenn, polakkar, fransk